



Erlend Hellingrud på brua ved inngangen til Festicampen saman med borna sine Ida og Sondre.

Erlend Hellingrud som er leiar for gruppa som styrer Festicampen, melder om at det er stappfullt. - Av tryggleikssyn kan vi ikkje ta mot fleire og vi har no måtta setja stopp, seier han. Det er alt kome ein del telt, bubilar og campingvogner, og utover dagen vil det siga skikkeleg på.

Erlend fortel at det er veldig kjekt at så mange vil bruka Festicampen. Det skaper ein eigen festivalstemning. Det vert over 60 telt, 20 bubilar, 10 campingvogner og til saman 220 personar på campen i år.

På Festicampen har dei alle fasilitetar som vatn, straum og toalett. I tillegg kan dei dusja til faste tider laurdag og søndag i garderobane i Aktivitetshuset. Festivalcampen har hatt litt av ei utvikling etter at dei starta i det små med nokre få telt på nedsida av låven på Dønhaug for få år sidan.

I og med at Festicampen er full, går det an å ta kontakt med Rabben Feriesenter AS. Det ligg sentralt og nært til, men vi veit at også dei har mykje bestillingar for helga.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland